

Prosjektnamn

Samhandling om diabetes mellom kommune- og spesialisthelsetenesta, eit pilotprosjekt for å prøve ut strategi i kompetanseheving av diabetes.

HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet

Helse Stavanger / Medisinsk divisjon / endokrinologisk seksjon

Kontaktperson

Marie Fjelde Hausken, Inger Bleskestad

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Behov for kunnskap om diabetes i kommunehelsetenesta er stor. Helseføretaka har opplæringsansvar mot kommunane. Endokrinologiske seksjon ynskjer å prøve ut ein strategi for kompetanseheving i kommunane.

Formål med prosjektet / forbedringsmål

Etablere kontakt med helsepersonell i pilotkommune som kan vere ressurspersonar i diabetes på sine arbeidsplassar. Desse skal vere med på utprøving av kursopplegg for å auke kompetansen på diabetes i kommunane.

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Kartlegging av behov for opplæring

Faste temasamlingar med ressurspersonane som vil vere:

- basert på retningslinjer i behandling av diabetes frå Helsedirektoratet
- tilpassa tema på bakgrunn av kartlegginga
- erfaringsutveksling mellom deltakarane i gruppa

Ein vil og utarbeide informasjonsmateriell og prosedyrar for ressurspersonane som kan brukast på eigen arbeidsplass. Det vil bli gjennomført evaluering av pilotprosjektet.

Overføringsverdi / Overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

På bakgrunn av erfaringane og evaluering, ynskjer vi at dette kan bli eit fast, kontinuerleg tilbod til alle kommunar som høyrer til Helse Stavanger. Metoden kan og brukast mot andre kroniske sjukdommar.